



## MØTEBOK

### Rådsmøte i Hardangerrådet

Dato: Fredag 21.06.2024

Klokka 1200-1500

Stad: Møterom Hardangerrådet iks i Kinsarvik

#### Til stades:

Eidfjord kommune:	Ordfører Timo Knoch- rådsordfører
Kvam herad:	Ordfører Torgeir Næss
Ullensvang kommune:	Ordfører Roald Aga Haug
Ulvik herad:	Ordfører Jens Olav Holven- rådsvaraordfører
Rådmannsforum:	Rådmann Magnus Steigedal
Styret Hardangerrådet	Styreleiar Jon Olav Heggseth
Administrasjon:	Konsulent Trude L. Rinaldo

12.00 - 15.00 Sakshandsaming Hardangerrådet

#### Saker til handsaming:

##### HR-sak 16/24 Meldingar

Meldingane er tekne til vitande.

##### HR-sak 17/24 Val av 2 representantar til Representantskapet i Investeringsstiftinga Hardanger og Voss

Saka vart sendt ut på mail 11.06.24 avdi rådsmøtet vart utsett og vedtak var påkrevd pr. 13.06.24

##### Vedtak:

Hardangerrådet iks har peika på at ei til kvar tid sitjande rådsordfører og rådsvaraordfører skal representera Hardanger i dette styret. Dei fyrste oppnemnde er Timo Knoch og Jens Olav Holven.

##### HR-sak 18/24 Organisering og rekruttering i Hardangerrådet iks

##### Vedtak:

Styret signerar avtale med Headvisor i forbindelse med rekruttering av ny dagleg leiar til Hardangerrådet iks.

Rådet ser etter desse eigenskapane, visjonane og aktivitetane hjå ein ny dagleg leiar for Hardangerrådet iks:

- Person som set Hardanger på kartet.
- Store forventningar til å få opp aktivitetsnivået.
- Må arbeida for auke i folketalet.
- Vil gjera Hardanger kjent både i inn og utland
- Dagleg leiar skal vera saksfører på vegne av felles saker i Hardanger, og eit bindeledd mellom Hardanger og fylke/stat.
- Utvikling må vera høgt på dagsorden.
- Driven i Hardanger er viktig, og dagleg leiar må ha ambisjonar for regionen og vera utviklingsorientert.

- Ny dagleg leiar vil kunna påverka korleis administrasjonen skal vera organisert, også med tal ansatte. Det er aktivitet og resultat bestemmer.
- Det er ønskje om ein sosial person.
- Erfaring frå politisk og/eller offentleg administrasjon kan vera ein fordel.
- I utlysinga bør ein formidla alt det fantastiske Hardanger står for.

Vilkår:

- Det vil vera løn etter avtale med innskuddspensjon.
- Kontorstad Hardanger

## **HR-sak 19/24 Orienterings- og drøftingssaker**

- **Hardingtinget haust 2024**

Det vert ikkje Hardingting før våren 2025

- **Søknad til Hardangerrådet frå Visit Hardangerfjord vedrørende Reiselivsstrategi Hardanger.**

Det er svært positivt at Visit Hardangerfjord vil laga ein regional reiselivsplan. Denne søknaden kan ikkje vurderast før til hausten. Rådet ser føre seg at søknaden vert del av budsjettarbeid til dei ulike Hardangerkommunane til hausten.

- **Vedtak om støtte til Helse i Hardanger frå Hardangerrådet**

### **Vedtak:**

Helse i Hardanger har vist oppsiktsvekkjande positive og godt dokumenterte resultat innan rehabilitering. Ein er kjent med at helseforetaka i RNB har fått tildelt midlar til samhandlingsprosjekt, og at rehabilitering er peika ut som eit satsingsområde.

Kommunane i Hardangerrådet ved ordførarane i Eidfjord kommune, Kvam herad, Ullensvang kommune og Ulvik herad, vil difor uttrykkja støtte til ein søknad frå Helse i Hardanger om samhandlingsmidlar, slik at tilbodet kan halda fram.

- **Hardanger tingrett gjenoppstår**

### **Vedtak:**

Hardangerrådet sender ut pressemelding ved formell opning med takk for all støtte frå regjeringa, sekretariat og politisk vilje, sjå kva me får til når me står saman! Voss og Samnanger skal også ha stor takk for å slutta seg til Hardanger tingrett, det var viktig for avgjersla.

Møteboka godkjent 21.06.2024

Timo Knoch  
Rådsordførar